# Meland kommune

Idar Bruvik
Eikelandsvegen 147
5917 ROSSLAND

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Lillian Straumøy Brakstad | 25.03.2014 |
| Vår: 14/1164 - 14/4434 | lillian.s.brakstad@meland.kommune.no | |

## Godkjenning - riving av løe på Eikeland, gbnr 42/4.

**Administrativt vedtak. Saknr: 62/2014**

### Saksutgreiing:

Det vert vist til søknad motteke 06.03.2014 i Meland kommune. Søknaden gjeld riving av løe på gnr. 42 bnr. 4 på Eikeland .

**Vurdering:**

Planstatus:
Eigedomen ligg i kommuneplanen som LNF-område. Tiltaket krev ikkje dispensasjons-handsaming då eigedomen er bebygd.

Nabovarsling:
Tiltaket er nabovarsla 07.02.2014. Det er ikkje motteke merknader til varselet og alle naboar har samtykka til tiltaket. Det er ikkje naudsynt med ytterlegare varsling i saka. Nabovarslinga vert rekna som tilstrekkeleg etter Pbl § 21-3.

### Vedtak

"Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningslova (PBL) § 20-2 løyve riving av løe på gnr. 42 bnr. 4 i samsvar med søknad motteke 06.03.2014.

Det vert vist til vedlagte kart og bilete motteke 06.03.2014.
Opplysningar om bygget, - type bygg, areal, tiltakshavar/ansvarleg søkjar – som kjem fram i søknaden, vert

registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova.
Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustadar og adresse.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så framt det ikkje er gjeve unntak.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf Pbl § 21-9.

Meland kommune ber om at det vert meld frå når tiltaket vert starta opp og ferdigstilt.

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.

Saka er handsama og godkjend administrativt i medhald av delegert mynde."

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28, jf vedlagte skjema <skriv vedtak her>

Med helsing

| | |
|---|---|
| Anny Bastesen<br>sektorsjef teknisk | Lillian Straumøy Brakstad<br>konsulent |

**Mottakere:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Idar Bruvik | Eikelandsvegen 147 | 5917 | ROSSLAND |